



Felles tiltakskort ved varsel om uvêr og naturfare

Målet med dette tiltakskortet er å si noko om kva forventningar Statsforvaltaren har til handling hjå kommunane og andre beredskapsaktørar ved mottak av varsel om uvêr og naturfare. Hovudmålgruppa er kommunane, men vi har prøvd å vere tydelege på kva de kan vente at Statsforvaltaren gjer ved dei ulike varsla i tillegg til tiltak/handlingar hjå andre aktørar som påverkar kommunane. Dette er eit supplement til interne rutinar hjå den enkelte aktør.

Det er presisert i kolona til venstre om tiltaket er relevant berre på det aktuelle farenivået, eller òg på høgare farenivå.

| Varslingsnivå | Tiltak | Ansvarleg |
|----------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------|
| Gult farenivå og høgare | Abonnere på relevante farevarsel frå varsom.no . (Statsforvaltaren sender ikkje vidare varsel på gult nivå). | Alle beredskapsaktørar |
| Gult farenivå og høgare | Vurdere å gå ut med informasjon i eigne informasjonskanalar om varselet, tiltak som er satt i verk og tiltak som kan vere aktuelle viss situasjonen skulle utvikle seg. | Kommunane Andre beredskapsaktørar |
| Gult farenivå og høgare | Vurder om det er førebyggjande tiltak som bør settast i verk ut i frå lokal kunnskap og lokale tilhøve. | Kommunane Andre beredskapsaktørar |
| Gult farenivå og høgare | Ved vurdering av iverksetting av tiltak som kan påverke andre kommunar/andre aktørar, bør Statsforvaltaren og dei aktuelle kommunane/aktørane varslast før iverksetjing. Det vil gjere det lettare å samordne kommunikasjon rundt tiltaket (t.d. avgjerd om å stenge vidaregåande skular grunna vêrtilhøve). | Kommunane Andre beredskapsaktørar |
| Gult farenivå og høgare | Varsle Statsforvaltaren viss det oppstår særskilte hendingar som kan ha meir enn berre lokal/intern interesse. | Kommunane Andre beredskapsaktørar |
| Oransje farenivå og høgare | Etablere dialog med Meteorologisk institutt/NVE før vidaresending av varsel, for å t.d. få meir detaljert kunnskap om skadepotensialet i hendinga/fenomenet som vert varsla, og avklare om det kan ventast andre varsel for same område. | Statsforvaltaren |
| Oransje farenivå og høgare | Vidareformidle styresmaktvarsel på oransje og raudt nivå til kommunane, 11X-sentralane, media og eventuelt fylkesberedskapsrådet. Kontaktinformasjon (aktuell talegruppe) for Nødnett vert formidla i samband med varselet. | Statsforvaltaren |
| Oransje farenivå og høgare | Vurdere behov for å be om rapportar frå kommunane og andre beredskapsaktørar. Viss det vert krav om rapportering skal det tydeleg formidlast. | Statsforvaltaren |



| | | |
|----------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------|
| Oransje farenivå | Vurdere om det er føremålstenleg å kalle inn til felles beredskapsmøte før/under hendinga, for å sikre lik situasjonsforståing og deling av informasjon. Møte kan særleg vere aktuelt viss meldingsperioden omfattar helg eller høgtid. Det kan vere aktuelt med kommunemøte, operativt samordningsmøte, møte i fylkesberedskapsrådet eller ein kombinasjon. | Statsforvaltaren <i>Andre aktørar kan etterspørje møte</i> |
| Oransje farenivå og høgare | Gå ut med informasjon i eigne informasjonskanalar om varselet, tiltak som er/vert sett i verk og tiltak som kan vere aktuelle viss situasjonen skulle utvikle seg. | Kommunane Andre beredskapsaktørar |
| Oransje farenivå og høgare | Følg med på kjente kritiske/sårbare punkt og infrastruktur som erfaringsmessig er utsett ved den type vêr/naturhendingar som er varsla, og gjer eventuelt førebyggjande tiltak. Det kan t.d. vere å reinse stikkrenner, rister, kulvertar, bekkar og andre avløpsvegar. | Kommunane Aktørar med ansvar for kritisk infrastruktur |
| Oransje farenivå og høgare | Vurdere behov for å setje tiltak innan helse- og omsorgstenestene, som t.d. å oppmode pårørande/naboar om å sjå til heimebuande brukarar ved behov eller å flytte utsette heimebuande til sjukeheim. | Kommunane |
| Oransje farevarsel | Etablere dialog med lokalt politi, og eventuelt andre beredskapsaktørar, for å gjere felles vurderingar av situasjonen, og vurdere eventuell trong for ekstra ressursar/støtte. | Kommunane |
| Raudt farenivå | Ved vidareending av varsel invitere til orienterings-/samordningsmøte. Aktuelle deltakarar er m.a. Meteorologisk institutt NVE, kommunane, naudetatane, infrastrukturaktørane og sivilforsvaret. Viktigaste føremål er å sikre lik situasjonsforståing, deling av informasjon og samordne kommunikasjonsbodskap. | Statsforvaltaren |
| Raudt farenivå | Vurdere møte med fylkesberedskapsrådet/operativt samordningsmøte før/under hendinga, for å sikre lik situasjonsforståing og deling av informasjon. | Statsforvaltaren <i>Andre aktørar kan etterspørje møte</i> |
| Raudt farenivå | Opprette dialog med lokalt politi og andre beredskapsaktørar for å gjere felles vurderingar av situasjonen, og eventuell trong for ekstra ressursar/støtte. | Kommunane |

Sjå NVE sine råd til beredskapsaktørar ved mottak av naturfarevarsel her: <https://varsom.no/flom-og-jordskred/om-flom-og-jordskred/forebygging/rad-til-beredskapsaktor/>



Forventningar til grunnberedskap i kommunane

Det etablerte beredskapssystemet (grunnberedskapen) i kommunen er viktig for å handtere uønskete naturhendingar og uvêr. Med det, og god kunnskap om sårbare område i kommunen, vil kommunen kunne drifte tenestene i både normalsituasjon og krise.

Krav til oppfølging kommunal beredskapsplikt går mellom anna fram av [Sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15](#), med tilhøyrande forskrift ([forskrift om kommunal beredskapsplikt](#)). Med utgangspunkt i det, forventar Statsforvaltaren at kommunane har:

- Ein heilskapleg analyse av risiko og sårbarheit (ROS-analyser) som omfattar uønskete naturhendingar som t.d. sterk nedbør, flaum, skred og sterk vind. Det bør gå fram av analysane om det er område som er særleg utsette ved slike hendingar og kva konsekvensreducerande tiltak som er aktuelle.
- Beredskapsplanar (overordna og på tenestenivå) for korleis kommunen skal handtere slike hendingar, inkludert korleis kritiske tenester som kommunen er ansvarleg for, kan oppretthaldast. Som ein del av beredskapsplanverket skal kommunane ha:
 - Utarbeidd varslingslister for interne og eksterne aktørar som har ei rolle/funksjon i handtering av kriser. Det bør òg inkludere oversyn over eventuell fungering i sentrale funksjonar.
 - Plan for befolkningsvarsling og krisekommunikasjon.
- System for mottak og oppfølging (t.d. intern vidarevarsling) av naturfarevarsel.

Kommunen bør ha oversyn over sambandsutstyr (t.d. Naudnett og satellittelefonar), og sikre at det er rutinar for å ha desse klar til bruk viss det skulle vere aktuelt (m.a. at dei som skal nytte dei har tilstrekkeleg opplæring).

Gode rutinar for vedlikehald av infrastruktur som t.d. kulvertar, skredvollar og flaumsikring er og viktig for at slike tiltak skal kunne ivareta sin tiltenkte funksjon.

Nokre særskilte problemstillingar med behov for koordinering mellom fleire aktørar

Kommunikasjon

Aktiv kommunikasjon om innhaldet i varselet, og kva tiltak som vert tilrådd, er viktig for å sikre at flest mogleg av innbyggjarane får naturfarevarselet med seg og forstår det. Det er den enkelte aktør som har ansvar for tiltak i innan eit tenesteområdet eller sektor, bør òg ha hovudansvaret for å sikre god kommunikasjon kring dette. Under følgjer nokre moment som kan vere greie å ha i bakhovudet ved kommunikasjon kring naturfarevarsel:

- MET og NVE utferdar varsel om naturfare og uvêr. Dei vil i sine varsel skildre kva naturfenomen som er venta, og kva konsekvensar det kan ha. Dei bør hovudregel avgrense seg til generelle råd til publikum, som t.d. «vi tilrår folk å unngå å ferdast utandørs viss det ikkje er nødvendig».



- Ved kommunikasjon kring farevarsel, særleg dei som dekker store område, bør det leggjast vekt på å få fram at det kan vere store lokale skilnadar i verknadar og konsekvensar. Publikum bør difor oppmodast om å skaffe informasjon frå lokale styresmakter (særleg kommunen), t.d. om kva tiltak som er aktuelle lokalt.

Viss Statsforvaltaren kallar inn kommunane og andre relevante aktørar til felles beredskapsmøte, bør eit av temaa vere kommunikasjon om planlagde tiltak hjå den enkelte aktør. Ved behov vil Statsforvaltaren eventuelt kunne bidra med å utarbeide ein felles bodskap.

Behov for samordning og samhandling (inkl. kommunikasjon) mellom eit avgrensa tal kommunar/beredskapsaktørar, bør i utgangspunktet koordinerast lokalt. Ved behov kan Statsforvaltaren likevel etablere ein slik arena for det, og eventuelt bidra til å kople på relevante aktørar. Statsforvaltaren ønskjer uansett å bli varsla viss det vert etablert slike lokale samordningsarenaer av eit visst omfang (viss fleire kommunar er involvert i handteringa av hendinga).

Stenging av skular

Det kan vere ekstra krevjande for kommunane når det varsla naturfenomenet gjeld for eit tidsrom der barnehagar og skular er opne. Det vil då vere eit stort behov for informasjon til føresette og elevar. I slike situasjonar er det ekstra viktig med tydeleg og samordna kommunikasjon av tiltak som treff denne gruppa.

Ved naturfarevarsel som kan få konsekvensar for framkomst på vegnettet, kan det vere aktuelt for fylkeskommunen å vurdere om det bør gjerast unntak frå plikta til fysisk oppmåte på vidaregåande skule. Viss fylkeskommunen bestemmer seg for å halde vidaregåande elevane heime frå skulen, bør dei informerer kommunane i det aktuelle området om dette før tiltaket vert sett i verk. Det vil gjere det mogleg å samordna bodskap til elevar, tilsette og innbyggjarar elles. Dette vil kunne vere tema på samordningsmøte i regi av Statsforvaltaren, eller verte formidla til kommunane via Statsforvaltaren viss det er ønskeleg.

I situasjonar der transport til og frå skule vil kunne vere problematisk med tanke på ekstreme vêrtilhøve, bør det opprettast dialog mellom relevante aktørar for å i fellesskap gjer ei vurdering av om det er forsvarleg å frakte elevane til skulen. Aktuelle aktørar her er mellom anna ansvarleg for skuleskyss (fylkeskommunen/Skyss), skuleeigar (kommunane) og vegeigar (SVV/fylkeskommune/kommunane).